



## Mandat for konseptfase

Fagprosjekt – hovudprosjekt med politisk styring

# ØKONOMISK POLITIKK OG HANDLINGSREGLER

## ØKONOMI

<b>Prosjektnummer:</b>	<b>Sak nummer:</b>	
<b>Dato/Forfatter:</b> 04.01.2019 Janne Sund		
<b>Vedtak/Dato:</b> <Godkjent av <styringsgruppe> og dato >		



## Innhald

1. Bakgrunn .....	3
2. Føremålet med prosjektet .....	3
2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020? .....	3
3. Føringar for prosjektet.....	4
3.1. Intensjonsavtale .....	4
3.2. Styringsdokument.....	4
3.3. Samanheng med andre prosjekt? .....	4
4. Erfaringar og annan nyttig informasjon .....	5
5. Omtale av konseptfasen .....	5
5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen .....	5
5.2. Interessentar i konseptfasen.....	5
5.3. Resultata frå konseptfasen .....	5
5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen.....	6
6. Gjennomgang av BP1 Sjekkliste.....	6



## 1. BAKGRUNN

Fagprosjekter omfattar alle prosjekt som ikkje klart er definert som organisasjonsprosjekt eller IKT – prosjekt.

Det er same prosjektmetodikk som ligg til grunn for hovudprosjekt med politisk styring som for hovudprosjekt med administrativ styring. I Hovudprosjekt med politisk styring vert politisk prinsipielle avgjerder lagt fram for fellesnemda og vert lagt inn som avgjerdspunkt i mandatet/ prosjektforslaget.

Det skal vedtakast økonomireglement og finansreglement for Alver kommune gjeldande frå 01.01.2020

## 2. FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Formålet med prosjektet er å utarbeide eit økonomireglementet og finansreglement.

Økonomireglementet har som formål å:

- gje dei folkevalde eit tilstrekkeleg underlag for vedtak
- gje rammer god økonomistyring
- gje eit oversyn over kommunen sitt økonomi og rekneskapssystem
- dokumentere viktige rutinar på økonomiområdet
- sikre ei effektiv og forsvarlig økonomiforvaltning i kommunen

Finansreglementet har som formål å:

- gi tydelege rammer og delegert mynde
- syne kva instruksar og rutinar som gjeld for finansforvaltninga
- definere akseptert risikonivå
- gje dei folkevalde eit tilstrekkeleg underlag for vedtak
- gje rammer for rapportering av finansområdet

### 2.1. Kva krev samordning mellom kommunane før 01.01.2020?

Det skal utarbeidast nytt økonomireglement og finansreglement for Alver kommune, og det vil ikkje være ein samordning av dei tre kommunane sine reglement per i dag. Det vil imidlertid være naudsynt å kartlegge kva aktiv finansforvaltning det er i dei tre kommunane i dag. Kartlegginga vil være ein del av prosjektgjennomføringa.



## 3. FØRINGAR FOR PROSJEKTET

### 3.1. Intensjonsavtale

#### Kapittel 2. Visjon

«Nordhordland kommune» skal vera ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling.

Vi byggjer ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv.

#### Kapittel 3. Verdier, mål og prinsipp

- Vi skal byggja ein ny kommune
- Alle kommunar er likeverdige partar

#### Kapittel 8. Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter

- Det skal ikkje være eigeomsskatt på hus og hytter i Alver kommune
- Skatter og avgifter skal harmoniserast
- Prisnivået på kommunale tenester, gebyr og eigeomsskatt skal være likt i heile den nye kommunen

### 3.2. Styringsdokument

- Alver kommune: Styringsdokument for gjennomføring av kommunesamanslåing, Radøy kommune, Meland kommune og Lindås kommune
- Retningslinjer for prosjektstyring i Alver kommune
- Omstillingsavtalen
- Kommunikasjonsstrategi for Alver kommune

### 3.3. Samanheng med andre prosjekt?

Økonomireglementet og finansreglement heng saman med delegasjonsreglementet og økonomiplanarbeidet. Økonomiplanarbeidet vert ikkje organisert som eit prosjekt, men som en arbeidsprosess i samsvar med årshjulet.

Økonomiplanen heng tett saman med økonomireglementet, då budsjettet for 2020 skal vedtakast på dei rammer som er vedtatt i økonomireglementet.



## **4. ERFARINGAR OG ANNAN NYTTIG INFORMASJON**

Det vil være aktuelt å sjå til andre kommunar sine økonomireglement og finansreglement, i tillegg til å avdekkje om det er områder i reglementa i dei tre kommunane i dag det har vore avvik eller brot mot. Områder med historisk avvik, vil kunne gje ein verdifull informasjon på kva områder det skal setjast ekstra fokus på.

## **5. OMTALE AV KONSEPTFASEN**

### **5.1. Organisering og ansvar i konseptfasen**

Oppdragsgjevar/ styringsgruppe: Fellesnemda

Administrativ styringsgruppe som instillar til fellesnemda: Programansvarleg og assisterande programansvarlege

Prosjektansvarleg: Martin Kulild

Prosjektleder: Janne Sund

### **5.2. Interessentar i konseptfasen**

Fellesnemda, programansvarleg og toppledergruppa.

### **5.3. Resultata frå konseptfasen**

Resultata frå konseptfasen er eit prosjektforslag som synar kva områder som skal takast omsyn til i økonomi og finansreglement, kva områder det er trong for utdjuping av, og ein meir detaljert framdriftsplan.

Førebels hovudpunkter i økonomireglementet:

1. Genererelt om økonomireglement (bakgrunn, formål og ajourhald)
2. Plan og økonomisystem (gje kort greie for elementa i økonomisystemet)
3. Økonomiplan, budsjett og prosess (formål, ansvar og skisse for korleis budsjett for drift og investering skal utarbeidast)
4. Disposisjonsfullmakter i budsjettsaker (gjev rammer for driftsbudsjett og investeringsbudsjett og kva fullmakter som vert gjeven formannskapet og rådmannen)
5. Rapportering (gjer greie for rammene for økonomisk rapportering, årsmelding og nasjonal rapportering)



Førebels hovudpunkter i finansreglementet:

1. Finansreglementet sitt virkeområde og formål
2. Heimel og tidsrom
3. Forvaltning og forvaltningstypar
4. Formålet med kommunens finansforvaltning
5. Generelle rammer og avgrensingar
6. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna til driftsformål
7. Forvaltning av kommunens langsiktige finansielle aktiva
8. Forvaltning av kommunens gjeldsportefølgje og øvrige finansieringsavtaler
9. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko
10. Handsaming av avvik

## 5.4. Kostnadar, tidsramme og ressursbehov i konseptfasen

Kostnadsramme: Innanfor ramma

Ressursbehov: Innanfor ramma

Forventa varigheit:

Konseptfasen: Januar – mars 2019

Prosjektgjennomføringsfasen: Mars – juni 2019. Fellesnemda innstiller økonomireglement og finansreglement Alver i juni 2019. Økonomireglement og finansreglement vert vedtatt i kommunestyret for Alver november 2019.

## 6. GJENNOMGANG AV BP1 SJEKKLISTE

	Sjekkpunkt	Kommentar
1.	Er innhaldet i mandatet tydeleg?	Ja
2.	Er omfanget av organisasjonsprosjektet tydeleg definert?	Ja
3.	Er det tydeleggjort kva politiske føringar, prinsipp og andre avtalar som gjeld, og må takast omsyn til?	Ja
4.	Er prosjektleiar og øvrige sentrale ressurser utpeikt	Ja
5.	Er det behov for meir informasjon, før ein kan ta ei avgjersle?	Nei